

Barnehageplan 2011-2015



Hemsedal kommune

Kommunestyret 10.03.2011

Innholdsliste

1. Bakgrunn	side 3
2. Rammeføresetnader	side 3
3. Nasjonal målsetting	side 3
4. Kommunal målsetting	side 3
5. Oversikt over barn i barnehage	side 5
6. Økonomi	side 6
7. Prognosar og behov for barnehageplass	side 7
8. Personalbehov – rekruttering	side 7
9. Utbygging og drift	side 7
10. Konklusjonar	side 8

1. Bakgrunn

Kommunane skal utføre ei kontinuerleg kommuneplanlegging med sikte på å samordne den fysiske, økonomiske, sosiale, estetiske og kulturelle utvikling innanfor sine områder, jf. Plan- og bygningsloven §20-1. Barnehageplanen er ein del av det kommunale planarbeidet.

2. Rammeføresetnader

Barnehagedrift blir primært regulert av Lov om barnehagar med forskrifter av 05.05.1995 med endringar av 04.07.03 og 17.06.05 Andre sentrale retningslinjer finn ein i:

Rammeplan for barnehagar (Forskrift til loven)

Rundskriv om statstilskot til drift av barnehagar

Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular

Kommuneplan

Kommunal vedtekt for barnehagen

3. Nasjonal målsetting

Rett til plass

Barnehageloven § 12 a:

Barn som fyller ett år senest innen utgangen av august det året det søkes om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehage fra august i samsvar med denne loven med forskrifter.

- Barnet har rett til plass i barnehage i den kommunen der det er bosatt.
- Kommunen skal ha minimum ett opptak i året. Søknadsfrist til opptaket fastsettes av kommunen.

4. Kommunal målsetting

Kommunen har eit overordna ansvar for utbygging og drift av barnehagar, og skal føre tilsyn med at barnehagane i kommunen vert drive i samsvar med barnehagelova. Barnehageplanen er eit overordna styringsdokument og verktøy for kommunen for å oppnå nasjonale og kommunale målsettingar for barnehagesektoren i planperioden.

Kommuneplanen

I kommuneplanen for Hemsedal kommune 2009-2021 står det blant anna:

- Leggje til rette for at skule og barnehage har tilpassa bygningsmasse og utanomhusareal.
- Utvide barnehageavdelingane i takt med behov.

Utfordringar for kommunen:

Barnehagetilbodet er godt utbygd med 8 avdelingar, men med aukande fødselstal og tilflytting, byr ventelister på utfordringar. Kommunen sine behov for barnehageplassar varierer i takt med etterspørsel av arbeidskraft og eit fleirkulturelt miljø.

Barnehagane er organisert i oppvekstsenter. Barn som har plass i barnehagen får ei heilskapleg oppfølging ved oppvekstsenteret. Foreldra, personalet i barnehage og skule har eit nært samarbeid og legg vekt på ei felles forståing for det enkelte barns behov. Mangel på nok tilsette i barnehagar er ei utfordring og det er vanskeleg å rekruttere førskulepedagogar.

Målsetting for barnehagedrift i Hemsedal kommune

Kommunen ynskjer ein barnehage der det er ein høg kvalitet på tilbodet som gis til barn og foreldre.

Kommunen vil vidare arbeide for å behalde eit desentralisert barnehagetilbod, der barna får kunnskap og tilhørigheit til sitt nærmiljø.

Barnehagane i Hemsedal blir drive etter lov om barnehagar.

Styrar og pedagogisk leiar på kvar avdeling skal vera utdanna førskulelærar.

Barnehagane gir varierte tilbod med utgangspunkt i rammeplan for barnehagar.

I barnehagen vert det utarbeida årsplanar der det kjem fram korleis den enkelte barnehage og avdeling vil arbeide.

Barnehagane ynskjer å tilby:

- * Eit trygt og utviklande miljø for barna.
- * Lokale og utemiljø som er tilpassa barns behov.
- * Utdanna personale som har kompetanse på enkeltbarn og barn i gruppe.
- * Vaksne som har tid til den enkelte og som tek barn og foreldre på alvor.
- * Stor vektlegging av leik og samspel mellom barn og vaksne.
- * Gje barna varierte opplevingar gjennom ulike aktivitetar.
- * Støtte til foreldra i oppseding av barna.
- * Innhaldet i barnehagane skal vere med å gje barn ein god barndom.
- * Barnehagen skal vere eit godt arbeidsmiljø for store og små.
 - * Humor, glede, varme, trivsel og venskap skal prege kvardagen.

5. Oversikt - barn i barnehage

I Hemsedal er opningstida 9 timar per dag (kl 7.30 – 16.30) og gir tilbod 2-5 dagar i veka.

Barn i barnehage 01.02 2011

Avd	Kapasitet	Mån	Tys	Ons	Tor	Fre
Skadvin	18	10 små	9 små	8 små	10 små	7små
Kroken	18/24	9 små	9 små	9 små	9 små	9 små
Røggelia	18 /24	10+ 7 små	10+ 7 små	10+6små	9+7 små	8+7små
Åne-Naturbase	26	26	25	14	25	26
Krikken	18	20	18	15	17	17
Geiteberget	18	18	18	17	18	19
Totten	24	1+14 små	1+14 små	1+10små	1-12 små	1+11små
Veslehødn	18	7små	7små	8 små	7 små	8 små

Barnetal i Hemsedal

Årstal	Barn født	Barn i Barnehage
2000	22	skule
2001	24	skule
2002	30	skule
2003	19	skule
2004	25	skule
2005	26	25
2006	28	25
2007	30	25
2008	36	25
2009	26	21
2010	29 per (1.9.10)	

Søknadsmasse våren 2010

Barn 2005	Barn 2006	Barn 2007	Barn 2008	Barn 2009
25	25	25	25	18

Samordna opptak

§7a i Lov om barnehagar pålegg kommunane å ha samordna opptak. Hemsedal kommune gjennomfører dette. Dersom kommunen på nytt skulle få private barnehagar, er det viktig at desse barnehagane har felles søknadsskjema med dei kommunale.

6. Økonomi

Makspris på kr. 2.330,- for ein heildagsplass.

Statstilskot til barnehagar - satsar for 2010

Tilskuddssatser fra 1.1.2010 til 31.12.2010 – offentlige ordinære barnehager		
Barnas ukentlige oppholdstid	Barn født 2006 og tidligere	Barn født 2007 og senere
0–8 timer	9 490	17 870
9–16 timer	19 195	36 025
17–24 timer	29 185	54 330
25–32 timer	39 085	72 675
33–40 timer	42 145	77 865
41 timer eller mer	52 965	94 075

For 2010 får Hemsedal kommune følgjande statstilskot:

Ordinært statstilskot og skjønnsmidlar ut frå barnetal i år 2010 **kr. 10.678.602**

7. Prognosar og behov for barnehageplass

I prognosane fram mot 2015 er gjennomsnittet auka med at det skal bli født 35 barn kvart år i Hemsedal. Ut frå dei fødselstala ein har i dag er det i snitt født 31 barn kvart år frå 2005-2010.

Kapasitetsutnytting

Vi pr. 01.12-2010 fylt opp plassane i barnehagen. Dette vart gjort for å få maksimal uttelling for rammeoverføring til kommunen.

Ramma får ein etter talet på barn i kommunen. Telledato var 15.12.2010.

Om ein utvidar plassane i barnehagen i løpet av året, vil ikkje dette medføre auke i rammetilskot slik det var tidlegare.

Ved utbygging får ein no berre finansieringstilskot.

Finansieringsordning når det gjeld private barnehagar

Vi har ny finansieringsordning til barnehagane frå og med 01.01.2011.

Kommunar som har private barnehagar, skal gi ei likeverdig handsaming til desse som til dei kommunale barnehagane. Tilskotet skal utgjere minimum 88% av det tilsvarende kommunale barnehager mottek pr heildagsplass.

Hemsedal kommune har ikkje i dag private barnehager.

Kommunen kan sjølv bestemme om ein ynskjer å opprette private barnehagar. Dette er nytt.

Nye prognoser på veksten i barnetalet 2011- 2014

		<i>Fødselsår</i>					Tot.ant. Barn 0-5 år
		2010	2009	2008	2007	2006	
	Gutter						
2011	Jenter						
	Sum	38	32	30	30	23	153
	Netto tall						
		<i>Fødselsår</i>					
		2011	2010	2009	2008	2007	
	Gutter						
2012	Jenter						
	Sum	35	38	32	30	30	165
	Netto tall						
		<i>Fødselsår</i>					
		2012	2011	2010	2009	2008	
2013	Gutter						
	Jenter						
	Sum	35	35	38	32	30	170
	Netto tall						
		<i>Fødselsår</i>					
		2013	2012	2011	2010	2009	
2014	Gutter						
	Jenter						
	Sum	35	35	35	38	32	175

8. Personalbehov- rekruttering

Eit kompetent personale er heilt vesentleg for å få barnehagar av god kvalitet. Det er derfor viktig at alle barnehagar har eit hovudfokus på å rekruttere, motivere og behalde eit kompetent personale. Rekruttering av førskolelærarar er viktig for god kvalitet. Det er viktig at kommunen gir faste retningslinjer for utlysning av stillingar. Alle tilsette skal bli gitt høve til å skaffe seg den nødvendige kunnskap og kompetanse for å sikre kvaliteten i barnehagen. Det er også viktig å motivere dei tilsette til å bli i yrket, og helst i same barnehage over tid. Då vil det være enklare å utvikle god kvalitet.

Menn i barnehagen er eit satsingsområde frå staten og vi vil svært gjerne marknadsføre at Hemsedal har attraktive barnehagar å arbeide i.

9. Utbygging og drift

Utbygginga av bustadfelt i Hemsedal i følge gjeldande reguleringsplan er Svøo og Tuv (4 tomter). Planlegging av bustadfelt pågåri område Svøo III og Trøim sør. Vidareutvikling for framtidige bustadfelt (Svøo og Hustadhagen) samt vidareutvikling av Trøim sentrum vert vurdert gjennom overordna plan.

Aktuell plassering av nye barnehagar.

Endring i folketalet og utbygging av bustadfelt vil kome til å påverke kapasiteten for barnehagane.

Tuv oppvekstsenter:

Arealet er utnytta maksimalt etter utbygginga av ny avdeling Åne.

Ved eventuelt behov for utbygging av nye avdelingar, må det vurderast andre alternativ.

Ulsåk oppvekstsenter:

Etter utbygginga av ny avdeling Totten, er det enno areal nok til utbygging av maksimalt to avdelingar. Den eine av desse to avdelingane må erstatte avdeling Veslehødn

10.Konklusjonar:

Kva er det tilstrekkelege talet på barnehageplassar i Hemsedal Kommune?

I dag har Hemsedal kommune totalt 10 avdelingar fordelt på 113 barn , som utgjør 158 plasser dvs at ein del av barna har delte plassar.

Som ein ser av tabellen vil barnetalet auke mot 2014 og behovet for nye avdelingar ser vi allerie frå hausten 2011.

Barn i barnehage	2010-2011	
Barn over 3 år	68	
Barn under 3 år	45 (90)	

Bygger vi ut 2 nye avdelingar aukar vi frå 158 til 194 plassar

Behovet for plass i barnehage 2011-2014

Tenkt i heile plassar

	2011	2012	2013	2014
		Forventa søknad	Forventa søknad	Forventa søknad
Barn over 3 år	63	67	92	100
Barn under 3 år	82 (164)	88 (176)	70(140)	75 (150)
Behov i heil plass/(kan delast i 2,3 og 5 dagers plass)	227 plasser	243 plasser	232 plasser	250 plasser

Rett til plass (barnheagelova § 12 A)

”Barn som fyller eit år seinast innan utgangen av august det året det søkes om barnehageplass, har etter søknad rett til barnehasge frå august i samsvar med denne lova med forskrifter.

Barnet har rett til plass i barnehage i den kommunen der det er busett.

Kommunen skal ha minimum eit opptak i året

Søknadsfristen er 1.mars (er lik for heile Hallingdal)

Det må derfor opprettast tilstrekkeleg antall plassar for å ta dei store toppane. I dei avdelingane det er nok areal for å utvide barnegruppene, bør det tilsetjast to førskulelærarar, slik at pedagogtettleiken til ei kvar tid er dekt i samsvar med krava i barnehagelova.